



ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE
Bygdinvegen 1989
2940 HEGGENES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ingunn Midtgård Høyvik, 61 26 60 30

Fråsegn - offentlig ettersyn - Øystre Slidre - reguleringsplan - Aasgarden - 202006

Vi viser til brev frå Øystre Slidre kommune, dagsett 10.02.23. Oversendinga gjeld 2. gongs høyring og offentlig ettersyn for detaljert reguleringsplan for Aasgarden.

Føremålet med planforslaget er å leggje til rette for ei vidare utvikling av området for fritidsbygg/hytter og fritids-/turistleilegheiter, samt trygg kryssing av Bygdinvegen (Fv. 51) med skibru. I tillegg skal planforslaget leggje rammer for ei utvikling av fritidstilbodet med utgangspunkt i intensjonsavtalen Klima+, på ein miljø- og berekraftig måte som byggjer opp om utviklingsmål i overordna kommunale planar.

Bakgrunn

Eit planforslag med to alternativ for detaljregulering for Aasgarden låg ute på offentlig høyring og ettersyn i våren 2022. På bakgrunn av dei innkomne merknadane i samband med dette har kommunen laga eit revidert planforslag. Dette leggjast no ut til offentlig høyring og ettersyn.

Statsforvaltarens vurdering

Statsforvaltaren er fagmynde innan landbruk, miljøvern, helse og samfunnstryggleik, og skal sørge for at nasjonale interesser blir ivaretatt. Vi har vurdert planforslaget med utgangspunkt i våre ansvarsområde.

Innleiingsvis vil vi kommentere at vi finn det positivt at det ser ut som mesteparten av parkeringa no er flytta under bakken, samanlikna med førre forslag som var på høyring. Ut frå korleis vi les planen, ser det ut som all parkering skal samlast under bakken i BAA2 og at det etablerast felles parkering for einingane i BAA1.

I planomtala er det skildra at det er beitedyr i nærområdet, og at det difor kan førekome beitedyr i området. Vi saknar ei drøfting av kva konsekvensar/konfliktar det kan medføre knytt til dei planlagde fritidsbustadene og bruken av desse.



Barn og unge

Vi registrerer at det blir lagt til rette for opphaldsareal i områda sett av til bygg og anlegg, og at dette er sikra gjennom reguleringsføresegner. Vi kan også sjå at det er teke inn i rekkjefølgjekrav for når opphaldsareala skal vera opparbeidd. Vi ber om at kommunen på nytt å vurderer om desse opphaldsareala tilfredsstillar krava i Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for å styrkja interessene til barn og unge i planlegginga, spesielt når det gjeld trafikkkfare. Trafikktryggleiken må bli ivareteke der skiløype kryssar bilveg, og kommunen må vurdere om det skal gjerast tiltak.

Vatn og avløp

Vi er kjend med at det er utfordringar knytt til Beito reinseanlegg. På bakgrunn av dette meiner vi at området ikkje kan byggast ut før reinseanlegg er utbetra. Førre gong planforslaget var på høyring skreiv vi at det må tas inn ei føresegn om at det ikkje kan byggast nye einingar før Beito reinseanlegg overheld krava til reinsing igjen. Når planforslaget no leggjast ut på nytt, observerer vi at dette ikkje er tatt inn i føresegna. Sjølv om det på side 42 i planskildringa står følgande:

«Vidare er det avdekt at utbygging føreset utvida kapasitet på kommunalt reinseanlegg. Dette vert ivareteke gjennom dei generelle føresegnene i plan og bygningslova. I tillegg er det sikra gjennom føresegnene til planen.»

Vi kan ikkje sjå kor i føresegna dette er sikra og manglande kapasitet er i svært liten grad omtala i planskildringa og i rammeplan for vann og avlaup. På bakgrunn av dette vil vi igjen be om at det tas inn føresegn om at det ikkje kan byggast nye einingar innafor planområdet før Beito reinseanlegg overheld krava til reinsing igjen.

Risiko- og sårbarheitsanalyse

Det er gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet etter DSB sin rettleiar for Samfunnssikkerheit i kommunen sin arealplanlegging 2017. Det er utført ROS-analyse med analyse av ulike tilhøve som er viktige for å ta vare på samfunnstryggleik. ROS-analysen har identifisert risikoreduserande tiltak knytt til *Flaum i vassdrag, ekstremnedbør og overvatn, framkome for utrykkingskøyretøy og sløkkevatn for brannvesenet og skogbrann*. Statsforvaltaren forutset at desse tiltaka vert følgde opp i vidare detaljplanlegging.

Analysen syner at planområdet er moderat sårbart for skogbrann. Planområdet har per i dag ikkje slokkevassdekning. Det omtalte tiltaket er å etterkome krava i TEK17 §11-17 som omhandlar at det er krav til framkommelighet for utrykkingskøyretøy og slokkevasskapasitet. Det må også etablerast god nok skogbrannberedskap i perioden for anleggsarbeid.

Flaumfare, ekstremnedbør/overvasshandtering

Vi gjer merksam på «*Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast.

Naudsynte tiltak for handtering av overvatn skal etablerast for å hindre flaumskadar i planområdet og i områda rundt. I samband med detaljprosjektering må dimensjonerande vassmengder oppdaterast etter dei nyaste tilrådde verdiane for klimapåslag i tråd med DSB sin rettleiar. Det er sett av flaumsoner i planen. Bekkeløpet er føresett sikra mot erosjon slik at tilgrensande bygnad ikkje vert påverka av eventuelt utgraving. Statsforvaltaren forutsett at ein legg NVE sine rettleiarar til grunn.



Støy

Det er laga ei støyutgreiing for planområdet, og FV51 som går forbi planområdet er støykjelda. Denne går forbi planområdet og vidare nordover. Valdresflye er vinterstengt, så trafikken på FV51 er sterkt sesongvarierende med mest trafikk om sommaren og berre lokaltrafikk om vinteren. Vegen er i høg grad nytta som turistveg.

Årsdøgntrafikken gjev difor ikkje eit helt rett bilete av støybelastninga for bebuarane, då trafikkmengda i den varme årstida er tydeleg høgare enn for resten av året. Det er difor tatt utgangspunkt i dei tre månadane med mest trafikk, i dette tilfellet juni, juli og august.

Føresegna sikrar at halvparten av opphaldsrom og minst eitt soverom skal ha eitt vindauge som kan opnast der støynivået ikkje overskrider $L_{den} = 55$ dB og at dei har tilgang til privat uteareal der støynivået ikkje overskrider $L_{den} = 55$ dB. Einingar som ikkje tilfredsstiller krava over kan nyttast til utleigeføremål.

Energibruk og omsyn til klima

Innleiingsvis heiter det at Klima+-prosjektet skal være førande for prosjektet. Ut over at det setjast krav om utgreiing til val av energiløysingar, byggemateriale mv. i føresegna kan vi i liten grad sjå at det er skildra i planen kva dette inneber og at det setjast konkrete krav. Vi hadde venta at ein reiselivsdestinasjon som Beitostølen har ei større satsing på dette området.

Ut over at planen stiller krav til tilknytning til fjernvarme og opnar for bruk av solcellepanel på tak, finn vi at planen manglar konkrete tiltak og drøfting om alternative og klimavennlege transportløysingar, samt alternativ energi- og materialbruk.

Med helsing

Jørn Karlsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Ingunn Midtgård Høyvik
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Innlandet fylkeskommune	Pb. 4404	2325	HAMAR
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO